

Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	15.02.2021
Tid:	10:00

Program kl 10-12


- Orientering om Meldeknapp for lærlingar v/leiar Kvalitetstrygging, Janne Lisen Ringdal Strøm, og rådgjevar Stab, Kristine Lovise Angelsen, avdeling for opplæring og kompetanse
- Saksbehandling til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i yrkesopplæringsnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Roger Pilskog
leiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 3/21 GK 4/21	Godkjenningssaker Godkjenning av møteinnkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 20.01.2021	2019/130	
PS 1/21	Politiske saker Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring, strategi 2021-25	2021/2407	
PS 2/21	Fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland - vurdering av politisk arbeid	2021/2295	

Godkjenningssaker
GK 3/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksnr: 2019/130-40
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	4/21	15.02.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 20.01.2021

Møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 20.01.2021 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	video, fjernmøte
Dato:	20.01.2021
Tid:	10:00-11:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Pilskog	Leiar	LO
Ove Kjøllesdal	Nestleiar	NHO
Kari Daltveit	Medlem	LO
Ann-Kristin Kristoffersen	Medlem	NHO
Sølvi Orlach Sørebo	Medlem	KS, frå kl. 10.25
Bjørg Simlenes Nguyen	Medlem	Virke
Sonja M. Øvre-Flo	Medlem	OppKo
Kine Bratli Dale	Medlem	Nærna
Jill Hellem	Medlem	YS
Signe Margarete K. Birks	Medlem	Lærlingrep
Eivind Johannessen	Medlem	UNIO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marcus Hansen Våge	Medlem	ELEVREPR

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Nora Marie Nilsen	Marcus Hansen Våge	Elevrepr.

Merknader

Det var ikkje politiske saker til dette møtet. Møtet vart lagt opp som informasjon og drøfting.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bekka Skaasheim	Assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Øivind Høines	Seksjonsleiar, opplæring og kompetanse
Merethe Helland Nordnæs	Spesialrådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 1/21	Godkjenningssaker		
GK 2/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 23.11.2020	2019/130	

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 20.01.2021

Vedtak

Innkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

Saksliste til dette møtet:

1. Munnleg orientering - presentasjon ved seksjonsleiar Øivind Høines: Kort oppsummering av 2020.
2. Skriv til drøfting: Fag- og sveinebrevsutdeling i Vestland fylke.
3. Skriv til orientering: Nye, godkjende lærebedrifter 2020.

GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 23.11.2020

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 20.01.2021

Vedtak

Møteboka frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 23.11.2020 vart godkjent utan merknader.

Politiske saker
PS 1/21 Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring,
strategi 2021-25

Saksnr: 2021/2407-3
Saksbehandlar: Monica Håkonsli

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	1/21	15.02.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		17.02.2021

Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring, strategi 2021-2025

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring, strategi 2021-2025.
2. Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring, strategi 2021-2025, skal årleg justerast av hovudutval for opplæring og kompetanse i samsvar med opplæringslova § 10-82.

Samandrag

Plan for kompetanse og profesjonsutvikling er ein overordna plan for vidaregåande opplæring. Opplæring er elevar og lærlingar sin viktigaste fellesarena for læring av kunnskapar, ferdigheiter og haldningar. Kvaliteten på opplæringa er difor viktig for arbeids- og samfunnsliv. Samfunnet er i endring og regjeringa fornyar innhaldet i grunnskulen og vidaregåande opplæring (fagfornyninga) for at elevar og lærlingar skal ha gode vilkår for å utvikle verdiar, kunnskapar og haldningar som er viktige for vidare utdanning og aktiv deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

Planen følgjer opp føringane i temaplanen mål og strategi, *fornye og forbetre- Auka gjennomføring* og krava i fagfornyninga. Eit viktig mål er at elevar og lærlingar i Vestland skal ha det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø. Vidare skal Vidaregåande opplæring være ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeids- og samfunnsliv. Planen skisserer difor korleis Vestland fylke vil styrke profesjonskompetansen og samarbeidet mellom tilsette i skulane og lærebedriftene for å nå måla for vidaregåande opplæring.

Eit utviklingstrekk er at det blir meir samarbeid mellom lærarprofesjonen og andre profesjonar for å bygge eit tverrprofesjonelt lag rundt eleven og lærlingen. Skuleeigar og rettleiingstenester må difor samarbeide og samhandle på alle nivå for å sikre god koordinering og retning på arbeidet. Målet er å utnytte ressursane på ein måte som kjem elevar og lærlingar til gode gjennom ei heilskapleg opplæring fram til arbeidsliv eller høgare utdanning, og kor elevane og lærlingane gjennom heile opplæringsløpet har tryggleik i alle overgangar

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Kenth Rune Teigen Måren
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Opplæringslova § 10-8 kompetanseutvikling

Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og naudsynt kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til naudsynt kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgde med utviklinga i skolen og samfunnet.

Opplæringslova § 13-10 ansvarssomfang

Kommunen/fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova vert oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er naudsynte for at krava skal kunne oppfyllest.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har i følgje reglement for folkevalde organ og delegering vedtakskompetanse i saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegering etter særlov.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Plan for kompetanse og profesjonsutvikling 2021 – 2025 skal årleg rullerast ut frå gitt budsjetttramme. Tiltaka i planen er finansiert med statlege og/eller fylkeskommunale midlar.

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:


Fråfall i frå vidaregåande opplæring er sett på som eit problem, både for dei det gjeld og for samfunnet. Det overdra målet om auka gjennomføring ligg til grunn for at Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse vil sikre at det vert utvikla kompetente lag som sikrar fagleg og sosial læring for elevar og læringar gjennom heile opplæringsløpet. Aktørane i opplæringa må tilstrekkeleg kompetanse og vere tett på elevane og lærlingane for å kunne forebygge utanforskap, tidleg fange opp problemutfordringar og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Planen følgjer opp føringane i temaplanen mål og strategi *Fornye og forbetre- Auka gjennomføring*

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at strategi for Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-25 vert vedteken.



Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring

Strategi 2021-2025

Innhald

1. Innleiing	3
2. Føringar	3
2.1 Fagfornyngar	4
2.2 Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring	4
3. Aktivitetar for kompetanse- og profesjonsutvikling	5
3.1 Desentraliserte ordningar-lokal kompetanseutvikling – Dekom	5
3.1.1 Desentralisert kompetanseutvikling i skule, Dekom-s	6
3.1.2 Desentralisert kompetanseutvikling i yrkesfag, Dekom-y.....	6
3.1.4 Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.....	6
3.2 Vidareutdanning.....	7
3.2.1 Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar gjennom Kompetanse for kvalitet.	7
3.2.2 Vidareutdanning for skuleleiarar, rektorutdanning	7
3.2.3 Vidareutdanning for lærarar gjennom Yrkesfaglærarløftet	7
3.3 Nettverk for fagleg pedagogisk utvikling	8
3.4 Nettverk for einskilde målgrupper i regi av skuleeigar.....	8
3.5 Rettleiingstenester	8
4. Kompetanseutviklingsområde for å bygge kompetente lag rundt eleven og lærlingen	8
5. Tiltak og økonomi	10
5.1 Oversyn over statlege kompetanseordningar 2021	11
5.2 Oversyn over bruk av lokale tiltak 2021.....	13

1. Innleiing

Plan for kompetanse og profesjonsutvikling er ein overordna plan for vidaregåande opplæring i perioden 2021-2025. Planen bygger på hovudavtalen (Del B) og arbeidsmiljølova § 4-2 sine krav om kompetanseutvikling og fagleg og personleg utvikling.

I planperioden skal hovudutval for opplæring og kompetanse årleg justere planen i samsvar med opplæringslova § 10-8:

Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skulen og samfunnet.

Opplæring er elevar og lærlingar sin viktigaste fellesarena for læring av kunnskapar, ferdigheiter og haldningar. Kvaliteten på opplæringa er difor viktig for arbeids- og samfunnsliv. Samfunnet er i endring og regjeringa fornyar innhaldet i grunnskulen og vidaregåande opplæring (fagfornyninga) for at elevar og lærlingar skal ha gode vilkår for å utvikle verdier, kunnskapar og haldningar som er viktige for vidare utdanning og aktiv deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Planen skisserer difor korleis Vestland fylke vil styrke profesjonskompetansen og samarbeidet mellom tilsette i skulane og lærebedriftene for å nå måla for vidaregåande opplæring.

Vidaregåande opplæring er i ein endringsprosess der medverking og samhandling står sentralt i arbeidet med å utvikle den kompetansen elevar og lærlingar treng i møte med krav og utfordringar i studie-, samfunns- og arbeidsliv. Alle som jobbar med opplæring har plikt og ansvar for eleven og lærlingen si læring og utvikling. Det felles ansvaret føreset godt og systematisk samarbeid på skulen, mellom skular, mellom skule og arbeidsliv, i arbeidslivet og mellom skule og UH-sektoren. Eit utviklingstrekk er at det blir meir samarbeid mellom lærarprofesjonen og andre profesjonar for å bygge eit tverrprofesjonelt lag rundt eleven og lærlingen. Skuleeigar og rettleiingstenester må difor samarbeide og samhandle på alle nivå for å sikre god koordinering og retning på arbeidet. Målet er å utnytte ressursane på ein måte som kjem elevar og lærlingar til gode.

Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling rettar seg mot målgrupper som har ansvar for elevane og lærlingane si opplæring; skuleleiarar, faglege leiarar, lærarar, instruktørar, rådgjevarar, assistentar/miljøfagarbeidarar, miljøarbeidarar, bibliotekansvarlege og rettleiingstenester. Planen legg til grunn at koordinert innsats mellom desse gruppene er naudsynt for å sikre at alle arbeider mot same mål.

2. Føringer

Kompetanse- og profesjonsutviklinga for vidaregåande opplæring bygger på opplæringslova § 1.1, Meld. St. 28, *Fag-Fordypning – Forståelse* og mål og strategiar, *Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring*. Planen er forankra i overordna del av læreplanen som seier at opplæringa både har eit dannelsings- og eit utdanningsoppdrag som er gjensidig avhengige av kvarandre. Prinsippa for arbeid med læring, utvikling og danning skal hjelpe dei ulike aktørane med å løyse dette doble oppdraget. Elevane og lærlingane skal bli møtt med tillit, respekt og krav og få utfordringar som fremjar meistring, danning og

lærelyst (opplæringslova § 1.1). For å lykkast med dette føremålet må skulen og lærebedrifta bygge engasjerande fellesskap som målber verdien av eit inkluderande læringsmiljø som tilpassar opplæringa i samarbeid med elevane og lærlingane. Dette samsvarer med måla både i *Fagfornyninga og Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring*.

2.1 Fagfornyninga

Skuleåret 2020/21 blei fagfornyninga innført i den vidaregåande opplæringa. Overordna del beskriv verdiane og prinsippa som skal prege pedagogisk praksis i opplæringa slik:

God skoleutvikling krevjer rom for å stille spørsmål og lete etter svar og et profesjonsfellesskap som er opptatt av hvordan skolens praksis bidrar til elevenes læring og utvikling. Alle ansatte i skolen må ta aktivt del i det profesjonelle læringsfellesskapet for å videreutvikle skolen. Det innebærer at fellesskapet reflekterer over verdivalg og utviklingsbehov, og bruker forskning, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderinger som grunnlag for målrettede tiltak. Velutviklede strukturer for samarbeid, støtte og veiledning mellom kolleger og på tvers av skoler fremmer en delings- og læringskultur. (Overordna del)

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse sin *Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling* speglar grunnsynet i opplæringslova og fagfornyninga. Planen gir rammer og retning for utvikling av profesjonsfaglege fellesskap der elevane og lærlingane si opplæring står i sentrum.

Profesjonsfellesskapet i fagfornyninga handlar om å betre forstå eigen praksis gjennom å analysere eigen praksis og bli vand til å justere og forbetre til beste for elevane og lærlingane . Lukkast ein i arbeidet med profesjonsfagleg utvikling vil det ha ei grensesprengande kraft for eleven og lærlingen sin motivasjon, læring og utvikling.

2.2 Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring

Måla og strategiane i «Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring» er styrings- og kvalitetsverktøy i arbeidet med å fornye og forbetre vidaregåande opplæringa i takt med sterke og raske samfunnsendringar.

Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling skal medverke til kontinuerleg utvikling mot måla og strategiane nedfelt i mål- og strategidokumentet for vidaregåande opplæring.

Mål 1:

Elevar og læringar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø

1. Alle elevar og lærlingar er og kjenner seg likeverdige, blir sett og har reell medverknad
2. Tillit, respekt og krav er grunnmuren i læringsmiljøet
3. Fleksible og differensierte opplærings- og undervisningsordningar kvalifiserer fleire

Mål 2:

Eit godt samansett lag utviklar eleven, lærlingen og skulen

1. Elevane og lærlingane har gode læringsvilkår og utviklar evnene sine
2. Elevane og lærlingane får nødvendig støtte hjå kompetente vaksne

Mål 3:

Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskulen og er heilskapleg fram til arbeidsliv eller høgare utdanning

1. Elevane og lærlingane har samanheng og tryggleik i alle overgangar
2. Skule og lærebedrift er likeverdige og gjensidige læringsarenaer

Mål 4:

Vidaregåande opplæring i Vestland er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeids- og samfunnsliv

1. Dei vidaregåande skulane er eit fagleg og sosialt utviklingsmiljø som gir idear rom til å vekse
2. Dei vidaregåande skulane medverkar til levande lokalsamfunn og sentrumsområde

Med bakgrunn i *Fagfornyninga* og *Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring*, vil satsingane i kompetanse- og profesjonsutviklinga for vidaregåande opplæring rette seg mot å utvikle:

- eit profesjonsfagleg fellesskap som arbeider systematisk for eleven og lærlingen si læring og utvikling
- relasjonskompetanse for å bygge eit kompetent lag rundt eleven og lærlingen
- ei relevant, fagleg sterk og praksisnær opplæring
- nye lærings- og vurderingsformer som bygger på:
 - elevaktive læringsformer
 - elevmedverknad
 - digitalisering som gir tilgang til fagressursar og støttar og rammer inn arbeidet med å utvikle elevaktive læringsformer

Nedanfor følgjer ei oversikt over kva område innan kompetanse- og profesjonsutvikling opplæringssektoren vil prioritere.

3. Aktivitetar for kompetanse- og profesjonsutvikling

3.1 Desentraliserte ordningar-lokal kompetanseutvikling – Dekom

Dei sektormåla som er vedteke av Stortinget i statsbudsjettet set ramme for bruken av midlar i kompetanseordninga (frå statsbudsjettet 2020):

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Elevar og lærlingar som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensiale
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Dekom omfattar desse ordningane:

- Dekom-skule
- Dekom-yrkesfag
- Kompetanseløftet
- Dekom-vaksne

3.1.1 Desentralisert kompetanseutvikling i skule, Dekom-s

Lærarar og leiarar utviklar fagleg, pedagogisk, didaktisk og fagdidaktisk dømmekraft i dialog og samhandling med kollegaar. Systematisk utvikling av kunnskap om praksis skjer når ein i fellesskap undersøker praksis og utviklar profesjonsfaglege argument for val av praksis.

Desentralisert ordning i skule, Dekom-s, skal:

- integrerast i skulen sitt utviklingsområde
- ha som mål å styrke læringsarbeidet og lærarprofesjonen i det daglege
- vere skulebasert og initiert av skuleeigar. Lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar har hovudansvaret for å drive arbeidet
- samarbeide med lokale universitet og høgskular i eit likeverdig partnerskap. Vestland fylkeskommune har Universitetet i Bergen som hovudsamarbeidspart, og har eit godt samarbeid kring organisering og innhald i ordninga

Frå 1. januar 2021 gjeld følgjande forskrift for tilskotsordningar for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnsopplæring: <https://lovdata.no/dokument/INS/forskrift/2020-12-22-3201>

Utfyllande informasjon om ordninga: [Desentralisert kompetanseordning for skule](#)

3.1.2 Desentralisert kompetanseutvikling i yrkesfag, Dekom-y

Kompetanseutvikling for fag - og yrkesopplæringa, skule- og bedriftsopplæring. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse driv samarbeidsforum som består av sentrale aktørar i fag- og yrkesopplæringa: Y-nemnda, lærebedrifter, opplæringskontor, skular, lærarorganisasjonar, universitet- og høgskulesektoren, fagskule, LO og NHO. Samarbeidsforumet samlast jamleg for å drøfte kompetansebehov og utarbeide plan med prioriteringar av dei statlege midlane.

Hovudmålgruppene for ordninga er lærarar som underviser i yrkesfaglege programfag, prøvenemndsmedlemmer, faglege leiarar og instruktørar som gir opplæring i bedrift.

Utfyllande informasjon om ordninga: [Lokal kompetanseutvikling i fag og yrkesopplæringa dekom- y](#)

3.1.3 Desentralisert kompetanseutvikling i vidaregåandeopplæring for vaksne, Vokskom

Målet med ordninga er å bidra til kvalitet i opplæringstilboda og fornye og betre opplæringa gjennom skulebaserte etterutdanningstiltak.

Målgruppa er lærarar og leiarar som underviser vaksne. Gjennom ordninga skal dei ulike aktørane (kommunar, fylkeskommunar, UH-sektor) samlast i samarbeidsforum.

Ordninga skal:

- Sikre at opplæringstilboda bidreg til konkrete og gode lokale løysingar
- Sikre ei tettare kopling mellom UH-sektoren og lokal kompetanseutvikling

Utfyllande informasjon om ordninga: [Desentralisert kompetanseordning innan vaksenopplæringsfeltet](#)

3.1.4 Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Ordninga skal sikre at det er tilstrekkeleg kompetanse som er tett på elevane og lærlingane for å kunne forebygge utanforskap, tidleg fange opp problemutfordringar og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle. Kommunar, fylkeskommunar og private eigarar skal:

- sjå det allmennpedagogiske og spesialpedagogiske tilbodet i samanheng.
- ha kompetanse på vanlege utfordringar, men også samansette og relativt komplekse utfordringar.

- ha samarbeidskompetanse for å kunne byggje lag rundt elevane og lærlingane.
- ha kompetanse til å sjå når det er naudsynt å hente inn spesialisert kompetanse og rettleiing.
- målgruppa for ordninga er tilsette i barnehage og skule, barnehage- og skuleeigarar og tilsette i PP- tenestene og andre tverrfaglege tenester i kommunar og fylkeskommunane som inngår i laget rundt barnet og eleven.

3.2 Vidareutdanning

Med vidareutdanning meinast utdanning frå universitet og høgskule som gjev formell kompetanse. Vidare skal den vere retta mot lærarar som profesjonsutøvarar og gi fagleg og didaktisk kompetanse.

Tilbod om vidareutdanning til lærarar og skuleleiarar i vidaregåande opplæring skal i hovudsak prioriterast på grunnlag av kartlagde lokale behov og rammevilkår.

3.2.1 Vidareutdanning for lærarar gjennom Kompetanse for kvalitet.

Vidareutdanninga kan omfatte både påbygging på fag ein allereie har noko utdanning i, utdanning i nye fag og prioriteringar mot fag som er nye eller må styrkast i samband med fagfornyinga.

- Regionale tilbod
Skuleeigar har i eit samarbeid med lokal UH-sektor om utvikling av vidareutdanningstilbod kompetanseutvikling ut i frå lokale behov.
- Nasjonale tilbod; etter nasjonale satsingar og i regi av Utdanningsdirektoratet.
- Andre studietilbod; det er også mogleg å søkje om studiestøtte til tilbod som ligg utanfor Udir sin studiekatalog.

Utfyllande informasjon om ordninga: [Vidareutdanning gjennom Kompetanse for kvalitet](#)

3.2.2 Vidareutdanning for skuleleiarar, rektorutdanning

Rektorutdanninga er tilrettelagt for at skuleleiaren skal kunne kombinere studiet med full jobb som skuleleiar. Det er krav om at søkjaren må vere tilsett som skuleleiar med personalansvar og ha ansvar for pedagogisk utviklingsarbeid. Når ein er ferdig med rektorutdanning kan skuleleiarar søkje om vidareutdanningsmodular.

Utfyllande informasjon om ordninga: [Rektorutdanning og vidareutdanningsmodular for skuleleiarar som byggjer på rektorutdanninga](#)

3.2.3 Vidareutdanning for lærarar gjennom Yrkesfaglærarløftet

Vidareutdanninga skal gi målgruppene eit tilbod som er praksisrelevant inn mot opplæring innan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Utdanninga må innehalde eit eller fleire av elementa under:

- Pedagogiske metodar og yrkesdidaktikk
- Klasseleiing, elevmedverknad og rettleiing
- Yrkesfagleg kompetanse – breidde og djupne

Alle tilboda i ordninga er nasjonale tilbod og er i regi av Utdanningsrektoratet.

Utfyllande informasjon om ordninga: [Vidareutdanning gjennom yrkesfaglærarløftet](#)

3.2.4 Lærarspesialisordninga

Målsettinga med ordninga er å gi lærarane nye utfordringar og profesjonell vidareutvikling, samtidig som dei underviser .

Formålet med funksjonen som lærarspesialist:

- Bidra til at dyktige lærare opplever gode faglege utviklingsmoglegheiter og ønskjer å fortsetje å undervise.
- Bidra til å styrke det kollektive profesjonsfellesskapet og utvikling av skulen som lærande organisasjon.

Utfyllande informasjon om ordninga: [Lærarspesialistordninga](#)

3.3 Nettverk for fagleg pedagogisk utvikling

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse vidareutviklar nettverk som skal styrke profesjonsutviklinga på den enkelte skule og på tvers av skulane i tråd med intensjonane i mål- og strategiar og fagfornyninga. Gjennom erfaringsdeling og kompetanseheving i nettverka er målet å skape engasjement, involvering og forståing for endra praksis i samsvar med dei tverrfaglege føringane i fagfornyninga. Nettverk vert inndelt etter utdanningsprogram og fagområde.

3.4 Nettverk for einskilde målgrupper i regi av skuleeigar

Skulane har varierende storleik både med omsyn til tal elvar og fagleg kompleksitet. For å bygge kompetente lag rundt eleven og lærlingen er det av stor verdi for planen sine målgrupper innan å ha kompetanseutviklingsarenaer saman med kollegaer frå andre skular. Det blir lagt vekt på å utvikle møteplassar for nettverksbygging for å utvikle kompetanse mellom personar frå ulike skular med same stilling/ funksjon.

3.5 Rettleiingstenester

Rettleiingstenesta har som mål å skape samanhengar og bygge kompetanselag på tvers av følgjande fagtenestene:

- Pedagogisk psykologisk teneste
- Opplæring i bedrift
- Vidaregåande opplæring for vaksne
- Oppfølgingstenesta

Gjennom å utvikle det profesjonsfaglege fellesskapet blir det bygd kompetanselag som vil gi brei fagleg kunnskap om brukaren sitt behov og livssituasjon. Fleirfagleg samarbeid utviklar ein samla kompetanse som er større enn summen av partane sitt bidrag kvar for seg. Eit robust lag kring eleven og lærlingen sikrar både fagleg og sosial læring.

4. Kompetanseutviklingsområde for å bygge kompetente lag rundt eleven og lærlingen

Med bakgrunn i Fagfornyninga og Fornyte og forbetre – Auka gjennomføring skal satsingane nedanfor utvikle kompetanse i tråd med retningane omtala sist i kap. 2.

Sosialrådgjeving

Sosialpedagogisk rådgiving skal hjelpe den enkelte elev til å finne seg til rette i opplæringa. Den skal hjelpe elevane med personlege, sosiale og emosjonelle utfordringar som kan ha betydning for elevane si opplæring og sosiale forhold på skulen. Ein sosialpedagogisk rådgjevar er viktig i skulen si elevteneste og har tett samarbeid med interne og eksterne aktørar, til dømes rettleiingstenesta og skulehelsetenesta.

Karriererådgjeving

Mange elevar er usikre på val av utdanning og yrke og ein del elevar gjer omval i løpet av den vidaregåande opplæringa. Kompetanseutvikling innan karriererettleiing må rette seg mot å forstå rettleiing som ein læringsprosess, der eleven i dialog med rettleiar får eit betre kunnskapsgrunnlag for å ta rette val for vidaregåande opplæring og vidare utdanning.

Spesialpedagogisk kompetanse

Skuleeigar skal sikre at skulen og bedriftene har kompetanse til å følge opp og gje forsvarleg opplæring til elevar og lærlingar med særskilte behov. Nokre treng langvarig hjelp og støtte, andre i ei kortare periode. For å sikre god og rett kompetanse på det spesialpedagogiske området vil det vere behov for kontinuerleg og planlagt kompetanseheving for å møte behova til elevar og lærlingar som treng særskilt tilrettelegging for å fullføre vidaregåande opplæring.

Kompetanseutvikling for tilsette som arbeider med minoritetsspråklege elevar og lærlingar

Erfaring viser at ein del minoritetsspråklege elevar byrjar i vidaregåande opplæring utan å ha gode nok faglege og språklege føresetnader for å kunne gjere seg nytte av den ordinære undervisninga. Anna kulturell- og systemforståing kan gjere at elevane har eit meir krevjande utgangspunkt. For å sikre god og rett kompetanse på dette området vil det vere behov for en planlagt kompetanseheving slik at elevane og lærlingane får ei best mogleg opplæring ut i frå dei behova dei har.

Profesjonsutvikling for nyutdanna lærarar

Nyutdanna lærarar i Vestland fylkeskommune skal sikrast tett og god oppfølging frå arbeidsgjevar. Utdanninga åleine er ikkje tilstrekkeleg førebuing til alle sider av læraryrket. Den nyutdanna skal inkluderas i eit profesjonsfellesskap ved skulen, som ei støtte i overgangen frå utdanning og yrke. Det skal også vere gode og tilrettelagte profesjonsfaglege læringsarenaer i nettverk på tvers av skular der dei kan møte andre lærarar i same situasjon og lære av kvarandre i ein trygg kontekst. Rettleiarutdanning for mentorar skal sikre at nyutdanna lærarar får målretta, systematisk og profesjonell oppfølging og hjelp ved eigen skule. [Lærerutdanning 2025, Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene, kap. D](#) understrekar viktigeita av gode rettleiingsordningar for dei nyttilsette, samt utdanning av rettleiarar gjennom «veilederutdanningen»

Fagleg pedagogisk leiarkompetanse, KS-Led

KS-Led er eit utviklingsverktøy som kan hjelpe ei samla leiargruppe til å utvikle ferdigheiter i leiing av profesjonsfellesskap. Programmet framhevar mellomleiarane si rolle i skulen fordi forskning viser at dei er ein underutnytta ressurs i skulen sitt utviklingsarbeid. KS-Led sitt program byggjer på prosessleiing og har som målsetjing at lærarar og leiarar i profesjonsfellesskapet skal utvikle gode læringsmiljø som aukar læring og gjennomføring for elevar og lærlingar.

5. Tiltak og økonomi

Her følger oversikt over prioriterte tiltak for 2021 og er gruppert etter statlege ordningar og fylkeskommunale ordningar. Tiltaka i tabellen gir ikkje eit fullt oversyn over kompetanseutdanningstilbodet for dei aktuelle målgruppene for skuleåret 2021-22.

5.1 Oversyn over statlege kompetanseordningar 2021

Målområde	Tiltak	Praktisering av ordninga	Sum midlar, estimat
Skulebasert kompetanseutvikling/ skuleutvikling	<ul style="list-style-type: none"> Desentralisert kompetanseutvikling i skule, Dekom-s Lokal kompetanseutvikling 	<p>Statsforvaltaren driv Samarbeidsforum der UH-sektor, kommune og fylkeskommune samlast for å fordele midlar.</p> <p><u>Føringar frå VLFK som skuleeigar:</u> Skulane får høve til å søkje om å delta i utviklingsarbeid gjennom ei årleg utlysing frå skuleeigar. Skulane som får innvilga søknad, får ei tett oppfølging frå UH- sektor og skuleeigar, og ordninga utløyser midlar til utviklingsarbeidet.</p>	<p>Fordeling av midlar vert gjort i løpet av våren 2021.**</p> <p>Skuleeigar forpliktar seg til å dekkje ein prosentvis del i tillegg til den statlege summen.</p>
Kompetanseutvikling innan fag- og yrkesopplæringa	<p>Desentralisert kompetanseutvikling innan yrkesfag, Dekom-y, inneheld tilbod om etterutdanning som til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none"> Hospitering mellom skule og bedrift Kurs for prøvenemnd Kurs for instruktør og faglege leiarar Kurs for yrkesfaglærarar <p>Tilboda kan vere både faglege og pedagogiske kurs .</p>	<p>Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse driv Samarbeidsforum saman med representantar i frå Y-nemnda, lærebedrifter, opplæringskontor, skular, lærarorganisasjonar, universitet- og høgskulesektoren, fagskule, LO og NHO.</p> <p><u>Skular:</u> Det vert lyst ut midlar til hospitering og til faglege og pedagogiske kurs for lærar som underviser innan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.</p> <p><u>Lærebedrifter/prøvenemnd:</u> Det er utvikla obligatoriske kurs for:</p> <ul style="list-style-type: none"> Instruktørar Prøvenemndsmedlemmar <p>Det er høve til å søkje om hospiteringsmidlar.</p>	<p>kr 5 036 000 Statlege midlar</p>
Kompetanseutvikling innan spesialpedagogikk	Kompetanseløftet - lokal kompetanseutvikling	Statsforvaltaren driv Samarbeidsforum der UH-sektor, kommune og fylkeskommune samlast for å fordele midlar.	Midlane vert fordelt våren 2021
Kompetanseutvikling innan vidaregåande opplæring for vaksne.	Desentralisert kompetanseutvikling innan vaksenopplæring	Statsforvaltaren driv Samarbeidsforum kor UH-sektor, kommune og fylkeskommune samlast for å fordele midlar.	kr 110 000 Statlege midlar
Lærarspesialistordning	Skular kan gjennom skuleeigar søke funksjon som lærarspesialist. Mål med ordninga er utvikling av profesjonsfellesskapet	Skular som får innvilga funksjon som lærarspesialist får tildelt midlar til frikjøp av lærarar som skal ha denne funksjonen. Det vert eit ei	Vert avklart i mai 2021.

Målområde	Tiltak	Praktisering av ordninga	Sum midlar; estimat
		tett samarbeid mellom skule, skuleeigar og med andre skular som deltek i ordninga.	
Kompetanse for kvalitet **	Vidareutdanning for lærarar. Lærar kan i samråd med skuleleiinga legge inn søknad i Ubas- systemet til Udir. Skuleeigar handsamar søknadane før dei vert sendt til vidare handsaming hjå Udir. Handsaminga er gjort ut i frå prioriterte fag, gitt budsjetttramme og tilbakemeldingar i frå rektorane.	Lærarar kan i dialog med skuleleiinga søkje om studiestøtte, enten i form av frikjøp/vikarordning eller stipend. Skuleeigar må, avhengig av fag, dekke ein prosentvis sats av frikjøp/vikarordning, midlar til læremiddel og læraren si utgift til reise- og opphald for å løyse ut dei statlege midlane i ordninga.	kr 18 000 000* Statlege midlar kr 2 500 000* Lokale midlar
Yrkesfaglærarløftet **	Vidareutdanning for lærarar. Lærar kan i samråd med skuleleiinga legge inn søknad i Ubas- systemet til Udir. Skuleeigar handsamar søknadane før dei vert sendt til vidare handsaming hjå Udir. Handsaminga er gjort ut i frå prioriterte fag, gitt budsjetttramme og tilbakemeldingar i frå rektorane.	Lærarar kan i dialog med skuleleiinga søkje om studiestøtte, enten i form av frikjøp/vikarordning eller stipend. Skuleeigar må dekkje midlar til læremiddel og lærarens utgift til reise- og opphald for å løyse ut dei statlege midlane i ordninga. Dersom ikkje alle plassane vert fylt opp kan også faglege leiarar, instruktørar, avdelingsleiarar innan yrkesfaga, samt lærarar frå fagskulen søkje.	kr 10 000 000* Statlege midlar kr 350 000* Lokale midlar
Rektorutdanning	Vidareutdanning for skuleleiarar	Det er eit krav om at ein er tilsett som skuleleiar. Studiet vert gjennomført på tre semester og gir 30 stp. Skuleleiar søkjer i Ubas- systemet til Udir. Skuleeigar tilrår søknadane og dekkjar kostandar til reise og opphald.	kr 170 000 Lokale midlar*




*Denne summen er eit estimat ut i frå erfaringar ut i frå handsamingsperiodar.

**Tiltaka vert finansiert ved hjelp av statlege midlar til kompetanseutvikling og for å løyse ut desse midlane må avdeling for opplæring og kompetanse løyve lokale midlar til formålet.

5.2 Oversyn over bruk av lokale tiltak 2021

Namn på tiltak	Målgruppe	Om tilboda	Sum midlar
KS- leiarprogram	Leiarutvikling skuleleiarar og leiarar i rettleiingstenester.	Utviklingsprogram for av leiarar	kr 2600 000 Statlege midlar
Nettverk for fagleg-pedagogisk utvikling. Forventa oppstart skulestart 21-22.	Etterutdanning for lærarar og skuleleiing. Etter ei kartlegging av behova for kompetanseutvikling, skal dei som jobbar i nettverka tilrå faglege og pedagogiske kompetansehevingstiltak, styrke samarbeidet mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv/ eksterne kompetansemiljø.	Nettverka består av: <ul style="list-style-type: none"> • Lærarar • Skuleleiarar • Arbeidsliv og/eller UH-sektor 	kr 4 800 000
Andre nettverk/interne kurs/kompetanseutviklings- tilbod i regi av VLFK som skuleeigar .	Etterutdanning for ulike faggrupper og innan ulike kompetanseområde, til dømes: <ul style="list-style-type: none"> • Bibliotekansvarlege • Lærarar med minoritetsspråklege elevar <p>Prioriterte områder:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Pedagogisk bruk av IKT for lærarar • Lærarar og miljøfagarbeidarar/ assistentar som jobbar innan det spesialpedagogiske feltet. • Rådgjevarar innan sosialpedagogisk og karriererettleiing • Miljøarbeidar – elevmedverknad • Radikalisering og ekstremisme 	Nettverk og samarbeid i regi av VLFK som skuleeigar. Ulike faggrupper og fagområdet som har behov for å ha erfaringsutveksling og moglegheita for kompetanseutvikling på tvers av skulene.	Økonomi er ikkje avklart
Etterutdanning:	Faglege leiarar/ instruktør opplæring	Det er utvikla kurs for målgruppene, noko som e- læring og digitale kurs.	kr 1 700 000 Lokale midlar
Vurderingskurs	Prøvenemndsmedlemmar		kr 1 200 000 Lokale midlar
Faglege kurs/ samlingar	Miljøfagarbeidar/assistentar/andre stillingstitlar	Det vil gjerast ei kartlegging på behov, og utviklast etter behov.	Økonomi er ikkje avklart
Faglege kurs/ samlingar	Alle tilsettgrupper i rettleiingstenesta	Det vil gjerast ei kartlegging på behov, og utviklast etter behov.	Økonomi er ikkje avklart

Notat:



2021/2295-1
Saksnr: Kenth Rune Teigen Måren
Saksbehandlar: og Kristine Lovise
Angelsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	2/21	15.02.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		17.02.2021
Fylkesutvalet		02.03.2021
Fylkestinget		09.03.2021

Fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland - vurdering av politisk arbeid

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland med tilleggspunktet om definisjon av politisk arbeid i punkt 6 (4).

Samandrag

Etter ei nærmare vurdering av kva som ligg i politisk arbeid finn fylkesrådmannen to moglege alternativ for definisjon. Med utgangspunkt i vedtekne mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland og det verdisynet som ligg til grunn i planen «Fornye, Forbetre - Auka gjennomføring», tilrår fylkesrådmannen alternativ 2.

Alternativ 2 sikrar i størst grad likebehandling og bidrar til føreseieleg praksis for elevane. Fylkesrådmannen vurderer at alternativet er ei klar forbetring av noverande praksis då det er ein tydelegare definisjon av kva som ligg i politisk arbeid enn det som ligg i dei nasjonale reglane og retningslinene. Alternativ 2 er lagt inn i vedlagte fråværsreglement under punkt 6 (4).

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med samanslåinga og arbeid i delprosjektgrupper vart det arbeidd med eit felles fráværsglement for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

Eit utkast av reglementet vart hausten 2019 sendt på høyring til alle dei vidaregåande skulane, elevråd, skulemiljøutval, hovudtillitsvalde, Elevorganisasjonen, mobbeomboda og elev- og lærlingomboda. Avdelinga mottok 27 høyringsuttaler. Ut frå tilbakemeldingane vart reglementet revidert.

Revidert fráværsglement vart så lagt fram som referatsak til møte i Hovudutval for opplæring og kompetanse den 20. april 2020. I møtet vart det samrøystes vedtatt at saka skulle gjerast om til ei politisk sak.

Det vart så lagt fram ei politisk sak der administrasjonen foreslo at Hovudutvalet for opplæring og kompetanse gjorde følgjande vedtak: «Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vetande på grunnlag av at det ikkje er eit lovkrav om felles fráværsglement.»

Etter politisk behandling i fylkesutvalet vart det gjort følgjande vedtak:

«1. Utvalet visar til reglement lagt fram i RS 11/20 og vedtek reglementet med slike tillegg.

Nytt punkt 6.6

Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør.

Til fráværsglementet:

Dette skrivet er berre ei kortfatta oppsummering av fráværsglanelne til fylkeskommunen. I nokre tilfelle gjeld andre krav til dokumentasjon, og det finst meir utfyllande informasjon om kva som er gyldig/ugyldig frávær enn det som kjem fram i dette skrivet. Det kan også vere fleire tilfelle som gir grunnlag for å slette frávær frå vitnemålet enn det som står her. Dei fullstendige retningslinjene finn du på utdanningsdirektoratet si heimeside:

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vitnemal/fravarsgrense---udir-3-2016/>

2. Saka går vidare til handsaming i fylkesutvalet og fylkestinget.

3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen komme tilbake med forslag som definerer godkjent frávær for politisk arbeid.»

Vedtakskompetanse

Det er politisk bestemt at saka går vidare til handsaming til fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ingen verknad.

Klima: Ingen verknad

Folkehelse: Ingen verknad

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Konklusjon og tilråding er i tråd med vedtekne plan for mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025.

Rettsleg utgangspunkt

Reglar om frávær og fráværsgrensa i vidaregåande opplæring finn vi i kapittel 3 i forskrift til opplæringslova. Elevar pliktar i utgangspunktet å møte opp til alle undervisningstimar. Frávær frå undervisninga vil kunne få betydning for retten til å få halvårsvurdering med karakter eller standpunkt karakter (reglane om fráværsgrensa), og for fráværet som vert ført på eleven sitt kompetansebevis og vitnemål (reglane om føring av frávær på kompetansebevis og vitnemål).

I forskrifta er det gitt nokre unntaksgrunnar som er stort sett like for frávær som kan gjere unntak frå fráværsgrensa og frávær som kan gjere unntak frå å verte ført på kompetansebevis og

vitnemål. Sjølv om noko frávær kan gjerast unntak for frå fráværsgrensa, skal det likevel verte ført på kompetansebeviset og vitnemålet¹.

Vidare gjeld reglane om fráværsgrense og tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag nøye saman. Ein elev med høgt frávær kan altså vere innanfor fráværsgrensa fordi fráværet er rekna som dokumentert, men likevel ikkje få halvårsvurdering med karakter og/eller standpunkt-karakter fordi læraren ikkje har tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag.

I denne saka skal vi sjå særleg på unntaksgrunnen for frávær på grunn av politisk arbeid. I forskrifta § 3-45 er det bestemt at elevar kan krevje at inntil 10 skuledagar ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset dersom det kan dokumenterast at fráværet skyldast til dømes bokstav c. politisk arbeid.

Denne regelen knyter seg også opp til regelen om fráværsgrense i vidaregåande skule. I forskrifta § 3-9 andre ledd er det bestemt at frávær som det er dokumentert skuldast grunnane nemnde i § 3-45 femte ledd bokstav a-f og åttande ledd, ikkje skal inngå i fráværsgrensa. Desse fráværsgrunnane er altså såkalla dokumentert frávær som ikkje påverkar fráværsgrensa.

Vurdering av politisk arbeid

Utdanningsdirektoratet har lite utdjupande informasjon og rettleiing på sine nettsider om kva dei legg i definisjonen «politisk arbeid». Direktoratet viser berre til at frávær av politiske grunnar kan dokumenterast av ein politisk organisasjon.

I forbindelse med klimastreikar i 2019 uttalte² direktoratet at deltaking i elevstreik vil vanlegvis ikkje omfattast av politisk arbeid, men det vil kunne avhenge av den enkelte elev si rolle og må vurderast lokalt. Etter direktoratet si vurdering kan ikkje skulen godta elevstreik som dokumentert frávær utan å gå inn i den enkelte elev si rolle. Det vil ikkje vere i tråd med reglane i forskrifta.

Dette vert altså ei vurdering av kva som ligg i den enkelte elev si rolle i det politiske arbeidet. Fylkesrådmannen meiner at eleven si rolle ikkje må vere knytt til eit bestemt parti.

Etter fylkesrådmannen si vurdering vil til dømes deltaking i politiske møte på kommune- eller fylkesnivå, eller aktivitet i samband med tillitsverv for eit parti vere ei klart definert rolle. Frávær knytt til dette meiner fylkesrådmannen klart må reknast som dokumentert frávær.

Når det gjeld anna politisk arbeid, som til dømes streik, meiner fylkesrådmannen at den enkelte skule må sjå på om eleven har ein oppgåve i arrangementet. Rolla kan vere til dømes som arrangør, vakt, apellholder eller liknande.

Døme på tilfelle og forslag til tekst i fráværsglementet

Fylkesrådmannen foreslår at følgjande tilfelle er døme på politisk arbeid som kan gi godkjent frávær (merk at lista ikkje er uttømmende):

- Deltaking i politiske møte på kommune- eller fylkesnivå.
- Anna aktivitet i samband med tillitsverv for eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon.
- Deltaking som delegat på landsmøte/årsmøte for eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon.
- Tildelt oppgåve i streik/demonstrasjon/møter, til dømes som arrangør, vakt, halde apell eller liknande.

I fráværsglement for skulane i Vestland fylkeskommune vurderer fylkesrådmannen at det ligg to moglege alternativ på definisjon av politisk arbeid :

1. Alternativ 1: Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, der eleven si rolle i aktiviteten er avgjerande for om fráværet kan reknast som dokumentert. Eleven må leggje fram dokumentasjon på at han/ho har hatt ei rolle i eit politisk arbeid. Eleven må uansett ha tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag for å få karakter.

¹ <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vitnemal/fravarsgrense---udir-3-2016/hva-er-skill-et-mellom-fravarsgrensen-og-annet-regelverk/>

² <https://www.utdanningsnytt.no/fravaer-klimastreik/udir--klimastreik-regnes-vanligvis-ikke-som-politisk-arbeid/128563>

2. Alternativ 2: Politisk arbeid definerast som arbeid der eleven er engasjert gjennom ei rolle/verv i eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon. Eleven må leggje fram dokumentasjon frå partiet eller organisasjonen. Eleven må uansett ha tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag for å få karakter.

Fordeler og ulemper mellom alternativa

Alternativ 1 vurderer fylkesrådmannen er meir open for tolking fordi det knyt seg til «deltaking på aktivitet». Dette kan difor vere meir tilfeldig aktivitet utan at eleven er innmeldt eller på annan måte engasjert i partiet/organisasjonen. Dette alternativet gir meir tillit til det profesjonelle skjønnet, men det skapar større risiko for ulik praksis mellom skulane i fylket.

Alternativ 2 gjer det noko enklare for skulane då det er mindre tolking og vurdering. Her må eleven vere engasjert i partiet/organisasjonen gjennom ei rolle eller eit verv. Fylkesrådmannen meiner at dette alternativet sikrar høgare grad av lik praksis mellom skulane i fylket. På grunn av at det er mindre tolking og vurdering er det derimot mindre rom for vurdering av dei individuelle behova til elevane.

Konklusjon og tilråding

Med utgangspunkt i vedtekne mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland og det verdisynet som ligg til grunn i planen «Fornye, Forbetre - Auka gjennomføring», tilrår fylkesrådmannen alternativ 2.

Alternativ 2 sikrar i størst grad likebehandling og bidrar til føreseieleg praksis for elevane. Fylkesrådmannen vurderer at alternativet er ei klar forbetring av noverande praksis då det er ein tydelegare definisjon av kva som ligg i politisk arbeid enn det som ligg i dei nasjonale reglane og retningslinene. Alternativ 2 er lagt inn i vedlagte fråværsreglement under punkt 6 (4).

Fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland

1. Pliktⁱ

- (1) Eleven skal møte presis og delta aktivt i opplæringa.
- (2) Eleven skal melde frå til kontaktlærer/faglærer dersom han/ho må forlate opplæringa i løpet av skuledagen.
- (3) Eleven skal melde frå om fråvær frå første fråværsdag.
- (4) Dersom eleven ikkje har meldt frå om fråvær skal skulen
 - a. allereie dag to kontakte eleven og foreldre/føresette dersom eleven er under 18 år.
 - b. allereie dag ein kontakte hybelbuarar.
- (5) Ved gjenteke fråvær og forseintkomming skal skulen følgje opp eleven det gjeld.

2. Fråværsgrense for vurdering i fagⁱⁱ

- (1) Elevar som har meir enn 10 prosent fråvær av årstimetalet i eit fag har ikkje rett til å få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i faget. Læraren kan ikkje setje karakter for elevar med meir enn 10 prosent fråvær.
- (2) Læraren kan likevel gi eleven vurdering med karakter dersom det er dokumentert at fråvær i meir enn 10 % av timane i faget skuldast slike grunnar som er nemnde i punkta 6 (1) og 8 (2), jf. også forskrift til opplæringslova §§ 3-9 andre ledd og 3-45 femte ledd bokstav a-f og åttande ledd.

3. Varslingⁱⁱⁱ

- (1) Eleven og føresette skal varslast skriftleg dersom eleven står i fare for å ikkje få karakter (IV) ved halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag.
- (2) Eleven og føresette skal også varslast skriftleg dersom eleven står i fare for å få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) ved halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter i orden eller i åtferd.
- (3) Varsel sendast til elev og føresette der eleven er under 18 år. Føresette skal ha kopi.
- (4) I varselet skal det stå om det gjeld fråvær, manglande vurderingsgrunnlag eller begge.
- (5) Varselet skal givast straks det er klart at det er fare for nedsett karakter eller bortfall av karakter, og skal gi eleven høve til å skaffe karakter i fag eller ikkje få nedsett karakter i orden eller åtferd.

4. Fråvær mellom 10 og 15 %^{iv}

- (1) Dersom årsaka til fráværet gjer det klart urimeleg at fráværsgrensa på 10 % skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 % udokumentert frávær i eit fag, også få vurdering med karakter. Det er uansett eit krav om at lærar må ha tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag for å gi vurdering med karakter.
- (2) Rektor gjer ei vurdering om eleven skal få standpunktkarakter.
- (3) Avgjerda om å ikkje setje standpunktkarakter etter dette punktet er eit enkeltvedtak som det kan klagast på etter forskrift til opplæringslova § 3-18 og § 5-1. Klagefristen er 10 dagar etter at du har motteke vedtaket. Ein eventuell klage skal sendast til rektor for vidare handsaming.

5. Føring av frávær^v

- (1) Alt frávær skal førast på vitnemålet og kompetansebeviset. Frávær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar. Rektor kan avgjere om frávær for den som er deltidselev skal førast i dagar og timar, eller berre i timar.
- (2) Eleven kan krevje at årsaka til fráværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom han eller ho legg fram dokumentasjon på årsaka til fráværet.
- (3) Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fráværet på førehand.
- (4) Organisert studiearbeid, elevråd og skuleadministrative gjeremål etter avtale med faglæraren eller rektor, skal ikkje reknast som frávær.
- (5) Avtalar med rådgjevar, helsesjukepleiar og pedagogisk - psykologisk teneste skal ikkje førast som frávær. Eleven har plikt til å dokumentere også dette fráværet.
- (6) Det vert ført frávær for den eksakte tida eleven ikkje er til stades i undervisninga.

6. Frávær for inntil samanlagt 10 skuledagar^{vi}

- (1) For inntil samanlagt 10 skuledagar i eit opplæringsår kan ein elev krevje at følgjande frávær ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset dersom det kan dokumenterast at fráværet skuldast:
 - a. helse- og velferdsgrunnar
 - b. arbeid som tillitsvald
 - c. politisk arbeid, jf. også (4) i punkt 6.
 - d. hjelpearbeid
 - e. lovpålagt oppmøte
 - f. representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå
- (2) For at frávær som skuldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet eller på kompetansebeviset, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Frávær som skuldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for frávær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan frávær strykast frå og med første fráværdsdag.
- (3) Innanfor ramma av 10 skuledagar kan elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja krevje at inntil to dagar frávær som er knytt opp mot ei religiøs høgtid, ikkje blir ført på vitnemålet eller kompetansebeviset .
- (4) Politisk arbeid definerast som arbeid der eleven er engasjert gjennom ei rolle/verv i eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon. Eleven må

leggje fram dokumentasjon frå partiet eller organisasjonen. Eleven må uansett ha tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag for å få karakter.

- (5) Det skal nyttast eit felles skjema som grunnlag for krav om at frávær ikkje skal førast på vitnemål/kompetansebevis. Skjema og dokumentasjon skal leverast til kontaktlærer fortløpande, det vil seie etter kvar gong eleven krev at frávær ikkje skal førast etter reglane i forskrift til opplæringslova. Det er berre rektor som har mynde til å godkjenne om kravet skal takast til følgje.
- (6) Det å ikkje godkjenne krav om at frávær skal strykast er eit enkeltvedtak og skal følge alminnelege saksbehandlingsreglar etter forvaltningslova, t.d. klagerett.

7. Privatistar

- (1) Ein privatist som er elev ved skulen skal ha fri eksamensdagen/eksamenstida utan at det vert ført frávær. Dette gjeld både skriftleg og munnleg eksamen. Dersom førebuingstida er del av eksamen skal det ikkje førast frávær for denne.
- (2) Det vert ikkje gitt fri til lesedag før privatisteksamen. Dersom eleven likevel vel å ta ein lesedag skal det førast frávær for denne.

8. Køyreopplæring^{vii}

- (1) Det skal førast frávær for køyreopplæring.
- (2) Delar av køyreopplæringa til førarkort klasse B er unntatt frå fráværsgrensa. Det er gjort unntak frå dei obligatoriske delane av køyreopplæringa som det er vanskeleg å kombinere med skulekvardagen. Det gjeld tryggleikskurs på bane (4 timar) og andre og tredje del av tryggleikskurs på veg (5 timar køyring på landeveg og 4 timar køyring i variert trafikkmiljø).
- (3) Rimeleg reisetid vil vere omfatta av det dokumenterte fráværet.
- (4) Det er ikkje gjort unntak frå teoretisk og praktisk førarprøve.

9. Verknadstidspunkt

- (1) Fráværsglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune gjeld frå 1.8.2020.

Ressursar:

- Utdanningsdirektoratet sine sider:
<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vitnemal/fravarsgrense---udir-3-2016/>

ⁱ sjå forskrift til opplæringslova § 3-3, fjerde ledd

ⁱⁱ sjå forskrift til opplæringslova § 3-9

ⁱⁱⁱ sjå forskrift til opplæringslova § 3-8

^{iv} sjå forskrift til opplæringslova § 3-9, tredje ledd

^v sjå forskrift til opplæringslova § 3-45, første til fjerde ledd, sjuande ledd

^{vi} sjå forskrift til opplæringslova § 3-45 femte, sjette og åttande ledd

vii sjå forskrift til opplæringslova § 3-3, fjerde ledd

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632